

### 28.08 -30.08.09.Familiehjelp på Blomstølen

Denne helga blir det liv og røre på blomstølen. Lørdag startar ein med fiskekonkurranse og det blir muligheter for å prøve fjellklating/rapellering. Oppfordring til foreldre/ besteforeldre om å ta dei minste med til fjells. Bålkos om kvelden. Turleiarar Erling Grindheim tlf 47409477, Elisabeth Silde, Ole Martin Grindheim tlf 41410779.

### 29.08.-30.08.09. Jentetur i Markhusfjellet og evt til Londalen

Denne gongen går jenteturen på umerka stiar i Markhusfjellet. Vi møtes på parkeringsplassen oppe på Markhus laurdag kl 10.00 og legg i veg til Markhusstølen. Vidare går vi til Møssegro, Indredal og Skålnessstølen og tilbake til Markhus. Så går ferda til Eljarvik gard kor det blir middag og overnatting. Søndag vert vi (dei som ynskjer) frakta over til Mosnes med båt og går til Londalen. Påmelding / info til turleiarane Anne Grethe Straumsøy tlf. 40403991 eller Annbjørg Oppedal Næsheim tlf. 97501499, innan 1. august 09.

### Søndag 06.09.09. Tur i Matrefjella

Me startar turen med ferje frå Skånevik kl 0855 med retur kl 1630. Kjør opp til Heglandsdalen og parkerer bilane. Går så vidare opp Fagerdalen til Fagerskard på 700 m.o.h. og ned til Vikastølen og Stølsvatnet. Tar ein liten rundtur og så nedatt til Heglandsdalen. Dette er ein kjempes fin tur med flott landskap og utsikt. Litt krevande. Påmelding til turleiar Marit Solheim tlf 48108533.

### Søndag 13.09.09. Til Buerbreen

Frå Etne kl 09.00. Turen går opp til brefallet i Buerdalen. Dei som ynskjer kan få bli med ein tur opp på breen i taulag, (max 15 stk) Men alle kan bli med opp til brefallet og oppleve blåisen på nært hald. Tilbake i Etne ca kl 19. Turleiar Ole Martin Grindheim tlf 41410779.

### Søndag 20.09.09. Døldarheia, Sandeid.

Frå Etne kl 09.00 til Sandeid. Opp frå Vestbø på skogsveg/ sti til Døldaren. Flott utsyn over Sandeidsbygda og utover fjordane. Turleiar Karsten Lunde tlf 53756452.

### Uke 41. (Haustferien.) Sykkeltur i Moseldalen

For 5. år på rad set me opp denne turen som har hatt mange svært nøgde deltakarar! På sykkel langs den vakre Moseldalen som byr på fantastiske opplevingsar, mykje god mat og drikke. Endeleg dato vil vera klar i mars 09. Dette er ein populær tur, så tidleg påmelding anbefales!! Kostnad Ca. 6000,- inkl. det meste. Turleiarar Anke Krumm tlf. 00491795267816. Ole Martin Grindheim tlf. 53755566 / 41410779.

### PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Det vert teke atterhald om været

Transport i personbilar vert samordna, passasjerar bet. kr 5 pr. mil til sjåføren.

Turavgift kr. 20,-

Hugs gode klede, godt med mat og drikke, gode fjellsko.

### TA OMSYN I FJELLET!

Ta vare på naturen, ta all søppel med deg.

Ha hunden i band.

Lukk grindar etter deg.

Ver varsam med eld, hugs at det er forbode å tenne bål i eller nær skog frå 15.4-15.9.

### HUGS OGSÅ!

"Kom deg ut dagen" 24. februar. På Hjørnås, skirenn og aktivitetar i lag med Speidaren, Skigruppa Etne IL, Røde Kors Hjelpekorps og Etne Turlag.

Etnefjellsturen 22. mars.

Besøk vår stand på Jakt, fiske og turdagar i Skånevik

Langs Åkrafjorden laurdag 31. mai.

Postveg marsjen søndag 7. juni

Hodnaspretten søndag 12. juli.

### BLI MEDLEM

Etne Turlag er tilslutta Haugesund Turistforening og DNT. Den norske turistforening.

Medlemsfordeler: Rabatt på 450 DNT hytter, mange private fjellstover/fjellhotell. Medlemsbladet Fjell og Vidde, HT-nytt, DNT årbok. Rabatt på kart, bøker, turutstyr.

### Kontingentsatsar for 2008

Hovedmedlem kr 480,-  
Student/ungdom (Født 1982-1989) 19-26 år kr 270,-  
Honoræmedlem (Født 1941 eller tidl.) kr 365,-  
Skoleungdom (Født 1990-1995) 13-18-år. Kr 160,-  
Hustandsmedlem til hovud-student eller honnørmedlem kr 215,-

Sjå meir [www.turistforeningen.no](http://www.turistforeningen.no)



# Ut på tur i Etne!



Etne turlag har eit enkelt og greit hovudmål, få folk ut på tur!! I vårt nærrområde har me fantastisk vakker, vill, idyllisk og spennande natur, der mykje framleis er "uoppdaga" for mange av oss. Turlaget vil gjerne vera med å bidra til at fleire oppdagar det positive med å ta seg ein fjelltur. Det er ei sanning at det gjere godt for kropp og sjel! Å vandre i naturen er ei stor oppleving som gjerne vert utvida når ein går i lag med andre, og med kjentmann vert turen også meir interessant og lærerik.

Turlaget har ansvar for merking/varding av tilførsels-løypene frå Etne sida til hovedløypa Opheim – Seljestad. Elles har me merka og skilta eit par gamle driftavegar. Dette er eit arbeid me gjerne vil gjera meir av. Så er du interessert i å bidra i dette arbeidet, ta kontakt.



# ETNE TURLAG - TURPROGRAM 2009



## **Søndag 29.03.09. Skitur frå Rus**

Frå Etne kl 10.00. Turen vert lagt opp etter snøforholda i Rusområdet. Lett skiterreng.  
Turleiar Lars Olav Bergsvåg tlf. 41566055

## **Søndag 18.04.09. Skitur til Kyrkjenuten**

I samarbeid med Sauda turlag som går frå Slettedalen. Frå kaien i Etne kl.0830, eller Korlevoll kl 10.00. Start frå Korlevoll, over Gamlestølen, opp Dyrskar og vidare til Kyrkjenuten. I klarver har ein fantastisk utsikt! Turen er noko krevande, passar for skivante. ca 5-7 t opp, og ca. 2 t tilbake. Verforbehold.  
Turleiar Ole Martin Grindheim tlf. 41410779.

## **Onsdag 22.04.09 . Kveldstur til Miljateigen, Markhus**

Frå Etne kl. 17.00. Kjører til Markhus og går opp til den gamle garden i Miljateigen. Lett, fin tur i gammalt kulturlandskap.  
Turleiar Gunnbjørg Ljusnes tlf. 48061717.

## **Onsdag 29.04.09. Kveldstur til Leiknesnibbo**

Frå kaien i Skånevik kl 17.00. (NB, merk tid og stad). Vi går opp Postvegen, så på sti til Tjellevatna, vidare til Leiknesvatna, så ut til Leiknesnibbo der ein har fantastisk utsikt over Sunnhordlands-bassenget.  
Turleiar Marit Solheim tlf. 91670637.

## **Onsdag 13.05.09. Kveldstur til Jettegrytene, Rullestad**

Frå Etne kl 17.00 til Skromme. Fin tur ut på nuten og ned til dei flotte jettegrytene. (Verforbehold, ikkje i vått ver p.g.a. glatte berg.)  
Turleiar Per Terje Tveiten tlf. 91112030

## **Søndag 24.05.09. Stuhaugstølen. Fellestur m Sauda turlag**

Frå Etne kl 10.00 til Stuhaug gard, Sandeid der vi møter deltakarane frå Sauda. Turen opp til den restaurerte stølen tar ein god time. Matrast der, så nedatt til omvisning på gardsmuseet, (her må reknast minst 1,5 t til dette,) pris .kr 50,-. Mogeleg å få kjøpe kaffi / litt attåt her.  
Turleiarar Gunnbjørg Ljusnes tlf 48061717.

## **Onsdag 27.05.09. Barnetur. Trommedalen**

Frå kaien i Etne kl 11.00. Me går opp gjennom Gjerdsgardane, på skogsveg til ein fin rasteplass der det er spennande å leike for ungene.  
Turleiar Monica Klippenberg tlf 41213760.

## **Onsdag 03.06.09.**

### **Kveldstur Grindheimstølen-Jordavatnet-Hjørnås**

Frå Etne kl 17.00 til Skarstøl. Går inn til Grindheimstølen, Jordavatnet, så utover eggene via Litledalstølen tilbake til Hjørnås/Skarstøl  
Turleiar Magnhild H. Hovin tlf. 95079297.

## **Onsdag 10.06.09. Seniotur til den gamle postvegen Skromme - Rullestad**

Frå Etne kl 12.00. Kjører til Skromme, går den restaurerte delen av den gamle postvegen ned mot Rullestad. Etterpå kaffi og besøk på Eljarvik gard. Turleiar Magnhild H. Hovin. tlf. 95079297.

## **Søndag 14.06.09. Familietur til Instestølen i Hildalsdalen**

NB! Oppmøtestad Åkrafjordtunet kl 10.00. Kjører så til Låte og vidare til parkeringsplassen i Brekkehaugen. Vi går i lett turterreng og følgjer den gamle stien til Hildalstølen, vidare over Storemyr til Instestølen. Etter matpause, grilling for dei som ynskjer, går vi same vegen, evt. på bilvegen, tilbake til bilane. Mogeleg å ta turen inn til Høkjebotn for dei som ynskjer det. Kart "Odda".  
Turleiar Annbjørg Oppedal Næsheim, tlf 97501499.

## **Onsdag 17.06.09. Kveldstur Auastadstølen- Kaldheimslio**

Frå Etne kl 17.00. Auastadbruno- opp skogsvegen frå Kaldheim, langs juvet mot Kløvjad. Vidare til Himrestødl og Krokavassdammen. Så går me over Slettaskar mot Auastadstølen og ned Auastadlio.  
Turleiar Jon Olav Tesdal tlf. 48266547.

## **Søndag 21.06.09. Familietur til Verdalen**

Frå Etne kl 0900 til Lauareidsvingen. Me går opp den gamle stølsvegen herifrå, innover høgdedraget mellom Frette og Sævareid, til Verdalen, (ca 2t.). Her er mulighet for bading, fiske, grilling og kos for store og små.

Nedatt tar me vegen ned Eggabrekko til Sævareidstølen og ned på gamlevegen v/Skittkleiv. Mulig m avstikker opp på Skredkollen for dei som vil ha med den.  
Turleiar Gunnbjørg Ljusnes tlf. 48061717.

## **Onsdag 24.06.09. Barnetur. Sykkel og badetur**

For alle frå 5 år og oppover. Ferje frå Skånevik kl 11.15 til Utåker. Me sykklar i roleg tempo i retning Husnes. Badar i ferskvatn, kjøper is på Valen og går på kafe/handlar på Husnes. Hurtigbåt 18.40 frå Sunde til Skånevik kl 19.00. Vil du heller sykle tilbake til Utåker, kan du det. Blir veret for ille, utset me turen til onsdag 1. juli. Forbehold om endra ferje- og båt ruter. Påmelding 1 veke på førehand. til Anita Voster Vannes tlf 91614474. (Max 20 deltakarar)

## **Søndag 28.06.09. Børkjenesnuten.**

### **Fellestur med Haugesund turistforening**

Sjå program for HT for nærare opplysningar. Karsten Lunde, Etne, vert med som kjentmann.

## **Onsdag 13.08.09. Kveldstur til Nesestølen**

Frå Etne kl 17.00 til Hålandsheia. Går innover Langamyr, til Nordleite og opp til Nesestølen. Lett, fin tur.  
Turleiarar Sigrid og Leif Arne Løvereide tlf. 41629535.

## **Søndag 16.08.09. Ulvanåsi, Kvinnherad.**

### **Fellestur m/Haugesund turistforening**

Turleiarar Erling Askeland, Etne, Karl J. Risvold og Eli Severinsen, Haugesund

## **Onsdag 19.08.09. Seniotur Ryggjalio- Tosko - Høyland**

Frå kaien i Etne kl. 14.00 Me går opp Ryggjalio til Tosko, har ei god rast der, så nedatt i Høylandslio.  
Turleiar Reidun Hammersland tlf 53756568.

## **Søndag 23.08.09. Bordfjellet- Jordabrekko**

Frå Etne kl 09.00. Til Skarstøl, Grindheimsstødl, vegen mot Raunevikjo, opp Grindheimsskåro, følgjer turistvegen til me tek av mot Varden. Det finst fleire alternative ruter ned att, veret og formen vert avgjerande.  
Turleiar Jon Olav Tesdal tlf. 48266547.

